
Fra: olaveth . <olaveth@gmail.com>
Sendt: torsdag 1. februar 2018 21:59
Til: Harry Finseth; Kristin Moe
Emne: Svar frå Olav Torheim, eigar av Håtuftvegen 212, på brev om prosjektering av leidningstrase Hestdal

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Svar frå Olav Torheim, eigar av Håtuftvegen 212, på brev om prosjektering av leidningstrase Hestdal

Hestdal, 1 februar 2018

Eg syner til brev frå Meland Kommune den 19 januar 2018 og til samtala med Harry Finseth den 31 januar 2018. Etter det Harry Finseth fortel, ynskjer kommunen å leggja ny vassleidning ned i vegen og ynskjer samstundes å utbetra vegen.

Her vil eg aller fyrst syna til at den eksisterande vegen gjennom tunet mitt er direkte trafikkfårleg.

Den eksisterande vegen krummar seg forbi hjørnet på huset mitt, og det er null oversikt over det som ventar bak hushjørni. Attåt dette hev det vore etter måten mange nestenulukkor og utforkøyringar. Seinast i vår opplevde at ein bil kom i full fart gjennom svingen og køyrde ned og drap katten min. Til lukka var det "berre" ein katt og ikkje eit lite barn som var ute i vegen. Dotter mi på fire år bur hjå meg, og eg er naturlegvis heile tidi uroleg for kva som kan skje.

Å utbetra den eksisterande vegen gjennom tunet gjer trafikktryggleiken og livskvaliteten endå dårlegare enn før

Den gamle innkøyrsla til huset var rett bak hjørnet av nordveggen på våningshuset, og soleis rett inn på vegen med null sikt. Med den nye innkøyrsla som eg fekk byggjeløyve til i fjor vår og som eg fekk bygt i fjor haust, so er det 28 meter fri sikt frå innkøyrsla. Det er soleis betre enn før, men framleis mykje mindre sikt enn det som krevst for at det skal kunna vera 50-sone.

Jamvel med ein utvida og forbetra veg so er det framleis like dårleg sikt frå utkøyrslene som før. I dag er fartsgrensa på 50, men ut frå dei kravi som vegtrafikklovi set til sikt so må ho setjast ned til 30.

Ein breidare veg gjennom tunet mitt kjem til å føra til meir trafikk og endå større fart, men samstundes med like dårleg sikt frå utkøyrslene som før. Det er ikkje mogleg å få betre sikt, sidan det er løda og våningshuset som stengjer for sikt rundt svingen.

I realiteten er det å utbetra vegen gjennom tunet mitt å skapa ein endå meir trafikkfårleg situasjon enn det som ein alt hev i dag. Det vil verta større fart og meir trafikk, men framleis like dårleg sikt - og soleides langt meir sannsynleg at det skjer større ulukker.

Det er under alle omstende ikkje forsvarleg eller framtidsretta å leggja ein endå breidare veg i ein knapp og uoversiktleg sving gjennom eit gardstun der det bur og leikar småe born.


Å utbetra den eksisterande vegen gjennom tunet er soleis noko eg kjem til å protestera mot på det sterkaste.

Derimot so meiner eg at kommunen må nytta høvet til å få flutt den gamle bygdevegen vekk frå gardstuni. Dette gjeld både mitt eige gardstun og tunet åt grannane mine på Hestdal.


Sjølv hev eg ei dotter på fire år, og 500 meter unna bur det familiar med born på 11, 9, 7 og 3 år. Ungane leikar ofte i nærleiken av vegen og er ofte ute og sykklar.

Dersom ein kann få flutt den nye vegen vekk frå både mitt tun og frå husklyngene litt lengre burte, so kan ein 1) få langt betre sikt på inn- og avkøyrslor og 2) få større tryggleik og betre livskvalitet både for born og vaksne som bur her.

Framlegg til ny vegtrase:



Detaljert framlegg til trase forbi Håtufftvegen 212:



Som ser frå teikningi, so ynskjer eg å få lagt vegen på nedsida av løda slik at bilvegen kjem på utsida av tunet mitt. Soleis fær ein både retta ut vegen og ein vert kvitt den livsfårlege og uoversiktlege svingen som krummar seg gjennom tunet mitt.

Same kor mykje ein utbetrar den eksisterande vegen, so er det framleis ein fårleg sving og det er altfor dårleg sikt frå innkøyrslene til at ein kan ha noko meir enn 30-sone. Ein ny og forbetra veg som er flutt lengre ned og vekk frå gardstuni gjev derimot både betre trafikktryggleik og høve til å setja opp fartsgrensa.

Flytjer ein vegen vekk frå tuni, so vert det både tryggare trafikk på Hestdal og verdiauke for alle andre som bur lengre inn i dalen

Me framlegget som eg hev teikna inn so kan den gamle vegen nyttast samanhangande som eit område der det er trygt for born å opphalda seg.

Attåt dette so gjev framlegget mitt eit rettare og meir oversiktleg strekke å køyra på. Ikkje berre vert det tryggare for oss som bur på Hestdal, men ogso alle andre som bur lengre innover i dalen - Håtufft, Myrtveit og Gripen - kann oppleve ein verdiauke av di dei fær ein strakare og betre veg der fartsgrensa kan setjast opp - og der dei soleis både kjem seg snøggare til jobb og fær betre køyrekomfort.

Eg bed difor om at den nye vegen vert flutt lengre ned og vekk frå gardstuni, i samsvar med teikningi som eg hev skissert.

Venleg helsing
Olav Torheim